

**Uskedalen byr på fleire fine toppturar og mest kjend er truleg Ulvanåso med toppane Høgeteen og Geittedalstind, skriv Bjørn Olav Tveit i ein artikkel i Kvinnheradmagasinet. Dette skriv han millom anna om Ulvanåso:**

Medan Høgeteen er ein rundare og mildare topp, kneisar Geittedalstind bratt opp frå alle vinklar, Tidleg på året, medan ryggen framleis er snødekt, kan oppturen krevje stegjern dersom snøen er hard. I løpet av april brukar sola å bråne ryggen, slik at ein kan gå på steinar den siste delen opp mot toppen.

Mange legg frå seg skia nedst på ryggen, ved om lag 1 000 m.o.h., så går dei utan ski til toppen. For meir røynde skikøyrarar er det vanleg å bere med seg skia like til toppen, der ein kan velje mange ulike nedfartar.

Den mildaste og mest vanlege er å køyre ned vestsida, her er det omlag 30 graders helling, med jamn og fin køyring i 400-500 meter til ein må traversere litt mot nord for å komme inn på den siste nedfarten mot Låganåso.

Frå toppen av Geittedalstind er det også råd å køyre ned nordsida, dette er ein svært bratt nedfart som berre er tilrådeleg ved gode snøtilhøve.

Då sola ofte brånar snøen like under toppen, er det svært viktig å undersøkje snøen lengre nede. Dette vert oftast gjort ved å kaste snøballar og og sjå etter merke i snøen.

Dei øvste 70-100

metrane er nedfarten omlag 50 grader bratt, og det er tilrådeleg å halde godt mot venstre for å unngå ein skrent eit stykke lenger nede. Dersom ein ikkje vil køyre frå sjølve toppen, kan ein finne mange andre fine nedfartar frå ryggen mot toppen.